

RETTLEIAR

KORLEIS FREMME
EUROPEISKE VERK
I KRINGKASTING
OG AUDIOVISUELLE
BESTILLINGS-
TENESTER

:MARS 2016



OM RETTLEIAREN

I europeisk og norsk mediepolitikk er det eit mål om å fremme europeiske verk på tv og i bestillingstenester. Produksjon og distribusjon av europeiske filmar og tv-program skal auke. Slik kan europeisk innhaldsproduksjon bli verna samtidig som ein styrker europeisk kultur og identitet.

Medietilsynet rettleier her om kva dei ansvarlege i tv og bestillingstenester kan gjere for å oppfylle krava i kringkastingsregelverket om å fremme europeiske verk. Det kan også vere andre måtar å fremme europeiske produksjonar på.

KVA KAN GJERAST FOR Å FREMME EUROPEISKE PRODUKSJONAR

- Finansiering av produksjon av europeiske verk: Kringkastarane og tenestetilbydarane kan heilt eller delvis finansiere slik produksjon innanlands eller i andre europeiske land.
- Øyremarking av midlar til å kjøpe inn europeiske verk: Kringkastarane og tenestetilbydarane kan sette av ein pott i programbudsjettet kvart år.
- Synleggjering av europeiske titlar: Tenestetilbydarane kan sørge for at til dømes minst halvparten av titlane på det første bildet eller den første sida sjåarane kjem til, alltid er europeiske verk.
- Tydeleg plassering og merking av europeiske verk: I programoversikter, på nettsider og i programkatalogar kan kringkastarane og tenestetilbydarane framheve eller merke verk slik at sjåarane lettare ser dei. Det kan til dømes vere ein avgrensa seksjon eller ei eiga fane for europeiske produksjonar. Det er også mogleg å framheve produksjonar frå enkeltland eller område i Europa ved bruk av faner som: «Dramatikk frå Norden», «Filmar frå Aust-Europa», «Vår spanske serie for ungdom», «Britiske dokumentarar», «Dagens franske filmtiråding», «Norske kortfilmar».
- Europeiske produksjonar blir merkte med opphavsland slik at sjåarane ved å bruke ein søkefunksjon kan finne program frå eit bestemt land eller område.
- Det kan bli opplyst om opphavslandet til produksjonane i innhaldsframstillinga i elektroniske programkatalogar og i annan programinformasjon.

KVA FOR FORMELLE KRAV ER DET?

I Noreg skal tv-kringkastarar og tenestetilbydarar fremme produksjonen av europeiske verk og tilgangen til dei.

Når det gjeld tv, skal riksdekkande kringkastarar syte for at minst 50 prosent av sendetida er sett av til sending av europeiske verk. Dette gjeld sendetid utanom nyheter, sportshendingar, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag, reklame eller tekst-tv.

Når det gjeld bestillingstenester, skal tilbydarane fremme produksjonen og tilgangen til europeiske verk. I regelverket står det ikkje korleis, berre at dei skal bruke eigna middel og at det gjeld når det er praktisk mogleg.

Både kringkastarar og tilbydarar av bestillingstenester skal føre statistikk over prosentdelen av europeiske verk og rapportere dette til Medietilsynet.

For tv skal det sendast inn rapport om denne statistikken til Medietilsynet innan 1. mars kvart år.

For bestillingstenester skal det berre rapporterast kvart fjerde år. Den første rapporteringa var i 2015. Den neste fristen er 1. april 2019 og gjeld for perioden 2015 til 2018.

1:

www.medietilsynet.no || (+47) 69 30 12 00 || post@medietilsynet.no

Tilbydarane av bestillingstenester må rapportere til Medietilsynet om statistikken for desse åra og dessutan kva dei har gjort for å fremme produksjonen av og tilgangen til europeiske verk.

REGELVERK

Det er EU-direktivet om audiovisuelle medienester, til vanleg kalla AMT-direktivet, som har reglar om europeiske verk. Reglane er tekne inn i norsk rett gjennom kringkastingslova og kringkastingsforskrifta. Dei relevante reglane i lova og forskrifta finn du i denne rettleiaren. På Medietilsynets nettsider finn du skjema for rapportering.

I kringkastingsforskrifta er det definert nærmare kva for produksjonar som skal reknast som europeiske verk. Når det gjeld det geografiske området, er alle EU- og EFTA-land omfatta. I tillegg kjem verk frå andre land som har slutta seg til europarådskonvensjonen om fjernsyn over landegrensene, mellom anna Albania, Serbia, Tyrkia og Ukraina.

Sjå i forskrifta for nærmare informasjon eller ta kontakt med Medietilsynet.

LOVEN:

Kringkastingsloven¹

§ 2-6 Europeisk programmateriale i fjernsyn og audiovisuelle bestillingstjenester

Kongen gir nærmere regler om bruk av europeisk programmateriale i fjernsyn og audiovisuelle bestillingstjenester, herunder hvilke programkategorier reglene gjelder for, definisjon av europeisk programmateriale og gjennomføring av reglene.

FORSKRIFT:

Kringkastingsforskriften²

§ 2-1 Europeisk programandel i fjernsyn

Kringkasteren skal sørge for at minst 50 prosent av sendetiden i fjernsyn som ikke består av nyheter, sport, underholdningsprogram med konkurransepregede innslag, reklame eller tekstfjernsyn avsettes til sending av europeiske verk, jf. § 2-3.

Departementet kan gi nærmere regler om gjennomføring av bestemmelsen i første ledd, herunder overgangsbestemmelser.

Denne paragraf gjelder ikke fjernsynssendinger som er beregnet på lokale seere, forutsatt at sendingene ikke inngår i et riksdekkende nett.

§ 2-1a Europeisk programandel i audiovisuelle bestillingstjenester

Tilbydere av audiovisuelle bestillingstjenester skal når det er praktisk mulig med egnede midler fremme produksjonen av og tilgangen til europeiske verk.

Tilbydere av audiovisuelle bestillingstjenester plikter å føre statistikk som viser andelen av europeiske verk i deres programkataloger. Statistikken skal sammen med en redegjørelse for hvordan tilbyderen har forsøkt å fremme produksjonen av og tilgangen til europeiske verk, sendes Medietilsynet innen 1. april 2015 og deretter 1. april hvert fjerde år.

§ 2-3 Definisjon av europeiske verk

Med europeiske verk forstås verk som har sin opprinnelse i stater som har tiltrådt EØS-avtalen eller i stater som har tiltrådt Europarådets konvensjon om fjernsyn over landegrensene. Verkene må være produsert ved medvirkning av opphavsmenn og medarbeidere bosatt i ett eller flere av de nevnte stater.

Verkene må videre oppfylle minst ett av følgende tre vilkår:

- a) De må være produsert av én eller flere produsenter etablert i de nevnte stater, eller
- b) produksjonen må faktisk overvåkes og kontrolleres av én eller flere produsenter etablert i de nevnte stater, eller
- c) samprodusenter i de nevnte stater må stå for majoriteten av de totale samproduksjonskostnadene.
Samproduksjonen skal ikke kontrolleres av én eller flere produsenter etablert utenfor de nevnte stater.

¹ Lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

² Forskrift 28. februar 1997 nr. 153 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

Verk som hovedsakelig er produsert ved medvirkning av opphavsmenn og medarbeidere bosatt i en eller flere stater som har tiltrådt EØS-avtalen, men som ikke omfattes av første og andre ledd, skal anses som europeiske verk i samme forhold som samprodusenter i statene som har tiltrådt EØS-avtalen har bidratt til å dekke de totale produksjonskostnadene.

Med europeiske verk forstås også verk som har sin opprinnelse i andre europeiske stater enn stater som har tiltrådt EØS-avtalen eller Europarådets konvensjon om fjernsyn over landegrensene. For slike verk er det en forutsetning at verkene hovedsakelig er produsert med medvirkning av opphavsmenn eller medarbeidere bosatt i en eller flere europeiske stater samt at:

- d) Verkene enten utelukkende er produsert av eller i samproduksjon med produsenter etablert i en eller flere stater som har tiltrådt EØS-avtalen, eller
- e) verkene er produsert av produsenter etablert i andre europeiske stater og det er inngått nødvendige avtaler mellom stater som har tiltrådt EØS-avtalen og vedkommende stat.

Første til fjerde ledd får anvendelse under forutsetning av at verker som har sin opprinnelse i stater som har tiltrådt EØS-avtalen, ikke blir utsatt for diskriminerende tiltak i de berørte europeiske tredjestaer.

Verk som er produsert innen rammen av bilaterale avtaler om samproduksjon inngått mellom stater som har tiltrådt EØS-avtalen og andre stater, men som ikke omfattes av de foregående ledd, skal anses som europeiske verk, forutsatt at samprodusenter i stater som har tiltrådt EØS-avtalen dekker størstedelen av de totale produksjonskostnadene, og at produksjonen ikke kontrolleres av en eller flere produsenter etablert utenfor medlemsstatenes territorium.

§ 2-4 Statistikk over europeiske verk

Kringkastere skal føre årsstatistikk som viser andelen europeiske verk i fjernsyn, herunder produksjoner av nyere dato, jf. § 2-1, § 2-2 og § 2-3.

Årsstatistikk skal sendes Medietilsynet innen 1. mars det påfølgende år.

Departementet kan gi nærmere bestemmelser om statistikkføringen.